

## Mannskapet på plass i UU

10.03.2012



Det var godt frammøte til første fellesmøte (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årsmøtet vart halde for stutt tid sidan, men mannskapet i Uskedalen Utvikling er allereie på plass. Den nye leiaaren Kristian Bringedal har gjennomført ein effektiv jobb med organiseringa og kva som blir oppgåvane til den enskilde skal vi her sjå nærmare på.

**STYRET** består i tillegg til Bringedal  
av Erlend Bjørnebøle, Jan Erik Olsson og Berit Harriet  
Døssland og vararepresentar er Ragnvald Myklebust  
og Henrik Lyse. Rekneskapsførar er Alf Hjønnevåg.

Styret har det daglege driftsansvar og ellers mellom anna ansvar for medlemsskap, vertsrolle for nye tiltak og tilflyttarar og erhøyningspart i plansaker  
Under styret direkte ligg GAMLESKULEN med mellom anna Cafe Tlaren, strikkekafeen, infotavl, kjellaren, renovasjon, ungdomsklubben og planlagt datakurs for seniorar.

Ei gruppe med medlemmene Jan Erik Olsson, Berit Olsson, Asbjørn Olsen og Ragnvald Myklebust tek seg av desse oppgåvane. Innreiing av kjellaren er neste store prosjekt for denne gruppa, og skisse er under arbeid. Eit kulturføremål er sannsynleg. Trådlaust nettverk er klårt i Gamleskulen.

Under styret direkte ligg også nettsida uskedalen.no som no får ei eiga gruppe med redaktør Ola Matti Mathiesen, Tore Mathiesen, Hans Ordin Østebø, Anita Enes og Thor Inge Døssland som medlemmer. Gruppa får både redaksjonelle og tekniske oppgåver og held datakurs 28. mars.  
Rydding, oppdatering og lenkjer er nokre av dei, men også produksjon av stoff.

**DIALOGFORUM** held faste møter der ein melder inn saker.

**Første møte på programmet er om disponering av strandsona  
11.april og sentrumsplan ein annan viktig sak som bør påskyndast.  
Andre aktuelle stikkord for denne gruppa er busetnad, næring,  
oppvekst og trafikksikring.  
Med i gruppa er Sigurd Børve, Steinar Haugland,  
Bjørn Olav Tveit og ein representant for skule og  
barnehage.**

**GRUPPE FOR KULTUR, TURISME OG PROFILERING**

har guida turar, opplevingspakkar, marknadsføring  
og aktiv nettsidebruk blant oppgåvane sine.

I gruppa sit Gunn Mari Moberg, Morten Nilsen,  
Ola Matti Mathisen, Kjell Yri og Kristian Bringedal.

Alle i mannskapet, som møtte fram utan fråfall i det  
første fellesmøte, har ei generell målsetting å jobba utifrå.  
**Samarbeid og samhandling for god utvikling i bygda står  
sentralt, likeeins nært og godt samarbeid med  
kommunen, verksemder og organisasjonar.**

Det er eit mål å bli besøksmål til Folgefonna Nasjonalpark  
og ei berekraftig turistbygd.

**Ellers strekar leiinga under at det er plass for fleire  
i gruppene.**

Av Ola Matti Mathisen